



Sandakaien har kanskje aldri vore så fin og innbydande som no. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag føremiddag frå klokka 10 til 12 blir det servert gratisfrukost på Sandakaien til alle som kjem.

Det er SPAR som tek på seg spanderbuksene etter at båtlaget kom med ideen. og har invitert andre til å senda gjester. Invitasjonen har gått til båthamnane, Rabben Feriesenter og sjølv sagt til Festidalen.

- Vi har tenkt på dette arrangementet i heile sommar, men vergudane har ikkje vore lette å overtyda. No er prognosane nokonlunde lovande og vi tek sjansen. Men med ausande regnver blir det avlysing, seier Gunn Mari Moberg og Bente Nilsen.

Frukosten kan også betraktast som ei innviing av den "nye" Sandakaien. Nilsen Handel har tidlegare i år rusta han opp nesten for ein millionsum.

Kaien har kanskje aldri vore så fin og innbydande som no – sjølv ikkje i sine glansdagar då den hadde ein viktig funksjon i lokalsamfunnet.